



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 20/1291
ArkivID: K2-V61
Saksbehandlar: Kjell Håvard Tuv

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/20	Kommunestyret	18.06.2020

Endring og presisering av kommunale retningslinjer etter jordlovas § 9 og 12

Vedlegg:

21.12.2018	Retningslinjer i Øystre Slidre kommune for praktisering av jordlovens delingsføresegner	124232
23.05.2019	Endringar i forskrift om nedsett konsesjonsgrense	132584
25.10.2019	Endring i kommunal forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter §7 i konsesjonslova	140971

Bakgrunn for saka:

Formannskapet har bestilt ei sak der vi skal vurdere og eventuelt presisere eksisterande retningslinjer for handsaminga av delingssaker etter jordlova §§9 og 12.

Saksutgreiing:

Administrasjonen har presentert for kommunestyret ulike utfordringar og problemstillingar knytt til kommunen sin forvaltning av jordlova og konsesjonslova. Kommunestyret har arbeidd gruppevis med desse spørsmåla og gitt attendemelding på ein del område. Formannskapet har og hatt oppe ei drøfting på dette temaet ved to høve etter det. Etter siste drøfting vart ein samd om at kommunen legg eksisterande retningslinjer med justering og presisering av nokre punkt ut på høyring, før kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

Mulige endringer av retningslinjene for delings- og konsesjonssakene:

Jord- og skogareal i landbruket er underlagt strenge reglar i konsesjonslova, og kjøp av jordbruksareal er vesentleg billigare enn å dyrke ny jord. I praksis vil det ofte vere vurderinga av bygningsmassen som er avgjerande om det vert gjeve løyve til deling eller ei. Eigedomar i drift med gode bygningar vil normalt ikkje vera uaktuelle å dele i form av full rasjonalisering. Sal av heil eigedom til rasjonaliseringsføre mål vil fort bli for dyrt. Vi bør derfor vurdere om det skal innførast krav til søker om ein detaljert dokumentasjon av autorisert takstmann over standarden på bygningsmassen som grunnlag for ei slik vurdering, saman med krav om at bygningane skal vera synfart av sakshandsamar.

Kommunen har over tid prøvd å stramme inn tomtestorleik på attverande hustomt ved full rasjonalisering, men når bygningar ligger spreidd kan det vere praktisk å ha ein opning i retningslinjene for stor tomt. Føresegna er ein «kan» og «inntil størrelse» og ikkje ein rett, men retningslinjene kan tydeliggjerast ved at vanleg storleik på gardstunet ved full rasjonalisering blir sett til 4-5 dekar.

Retningslinjene gir viktige signal til administrasjonen og innbyggaren, og gir føreseielege rammer for sakshandsaming og søkjar. Det vil likevel vere formannskapet som må vurdere den enkelte sak der det ligg føre søknad om deling/konsesjon.

Vurdering:

Rådmannen foreslår at kommunen legg noverande retningslinjer ut på høyring, med eit tillegg om betre dokumentasjon av saksgrunnlaget knytt til kvalitet og standard på bygningane. I tillegg skal ein tydeleggjere at tomtestorleiken på frådelt tun ved full rasjonalisering normalt skal avgrensast til 4-5 dekar. Administrasjonen innarbeider dette i retningslinjene før vi legg saka ut på høyring. Høyringssaka og forslag til reviderte retningslinjer kjem til handsaming i første kommunestyresak til hausten.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret legg noverande retningslinjer for handsaming av saker etter jord- og konsesjonslova ut på høyring, med eit tillegg om krav til betre dokumentasjon av saksgrunnlaget knytt til kvalitet og standard på bygningane og at tomtestorleiken på frådelt tun ved full rasjonalisering normalt skal avgrensast til 4-5 dekar. Administrasjonen innarbeider dette i retningslinjene før saka vert lagd ut på høyring. Høyringssaka og forslag til reviderte retningslinjer kjem til handsaming i første kommunestyresak til hausten.

Kommunestyret 18.06.2020:**Behandling:**

Rådmann la fram justert tilråding:

Kommunestyret legg noverande retningslinjer for handsaming av saker etter jord- og konsesjonslova ut på høyring. Før høyring ber kommunestyret rådmannen innarbeide eit tillegg om krav til betre dokumentasjon av saksgrunnlaget knytt til kvalitet og standard på bygningane og at tomtestorleiken på frådelt tun ved full rasjonalisering normalt skal avgrensast til 4-5 dekar.

Magnhild Strand (Sp) la fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret ønsker å gjennomgå retningslinjene for handsaming av delingssaker etter jordlova §§ 9 og 12. Dagens retningslinjer blir sendt ut på høyring for å få innspel til punkt som bør bli vurdert endra ved ein slik gjennomgang.

Bente Oxhøvd (H) la fram følgjande framlegg til vedtak:

Høgre meiner noverande praxis er god nok. Det er ikkje behov for å stramme inn denne. Vi må heller gjera det vi kan for å bruke moglegheitene som ligg i lovverket.

Forslaget fekk 3 røyster og fall.

Forslaget frå Magnhild Strand vart sett opp mot tilrådinga frå rådmann. Forslaget frå Magnhild Strand fekk 8 røyster og tilrådinga fekk 13 røyster.

KS- 34/20 Vedtak:

Kommunestyret legg noverande retningslinjer for handsaming av saker etter jord- og konsesjonslova ut på høyring. Før høyring ber kommunestyret rådmannen innarbeide eit tillegg om krav til betre dokumentasjon av saksgrunnlaget knytt til kvalitet og standard på bygningane og at tomtestorleiken på frådelt tun ved full rasjonalisering normalt skal avgrensast til 4-5 dekar.

Rett møtebok: